

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/498-1

Handlingsplan fylkesrådet for eldre 2016 - 2019

Sekretær rår fylkesrådet for eldre til å gjere slikt vedtak:

1. Handlingsplan for 2016 – 2019 vert godkjent
2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere handlingsplanen i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møte 7. februar
3. Fylkesrådet ber administrasjonen om å legge handlingsplanen tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen
4. Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere handlingsplanen til fylket sine kommunale eldreråd

Vedlegg:

Handlingsplan 2016 – 2019

SAKSFRAMSTILLING

Det har i fleire møte vore drøfta aktuelle innspel til ein handlingsplan for fylkesrådet for eldre.

I møte 24. november vedtok fylkesrådet for eldre følgjande:
«Fylkesrådet for eldre kortar ned den førre handlingsplanen. Sekretær lagar eit utkast til ny handlingsplan utifrå innspela i møte. Leiar skriv i etterkant eit sluttord til dokumentet. Utkast til ny handlingsplan vert lagt fram i møte 7. februar 2017».

Det vert i møte 7. februar lagt fram utkast til ny handlingsplan, der handlingsplanen vert justert i møte utifrå dei innspela som kjem inn.

Handlingsplanen inneheld følgjande overskrifter:

- Forord
- Rolle og funksjon
- Dei eldre som ressurs
- Fylkesrådet for eldre vil arbeide for
- Aktivitetar og representasjon
- Likestilling
- Kontakt